



Oddmund Soldal var raskaste uskedeling i Skarverennet(Arkivfoto)

**Ein stor delegasjon uskedelingar har i dag hatt ei flott oppleving då dei har delteke i det 37km lange turrennet frå Finse til Ustaoset. For dei fleste er nok turopplevinga det viktigaste. Likevel er det grunn til å leggja merke til sterke tider frå nokre av utøvarane.**

Det flotte veret gjorde det til ei toppoppleving, men det medførte også at føret vart sugande. Dermed vart det ein ganske slitsam tur. Vi høyrde m.a. at langrennsesset Marit Bjørgen uttalte at ho vart så sliten at ho måtte stoppe opp for å ta seg igjen. Det fortel litt om prestasjonen til dei som fullførte.

Aller raskast av uskedelingane var Oddmund Soldal. Han deltok i klassen M46-50, og brukte berre 2.23.02 på dei 37 kilometrane. Det gav ein flott 25.plass i den klassen. Suveren klassevinnar var velkjende Kristen Skjeldal frå Bulken.

Av damene gjorde Sara Hjelmeland Arnesen eit svært sterkt løp. Ho deltok i klassen KTrim, og brukte 2.58.40. I

denne klassen var det ikkje rangering, men så langt eg kunne sjå var det ikkje mange som var raskare enn Sara.

Aller best av damene var Therese Johaug medan Chris André Jespersen var raskast i herreklassen.

Det ser ut til at det har blitt ein tradisjon att mange kvinnheringar deltar i Skarverennet, og etter opplevinga dei har hatt denne helga, må det vere visse muligheter for at det vert endå fleire neste år.

Fleire resultat finn ein ved å gå inn på [denne lenkja](#) og bruke søkjemulighetene der.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.